NKA 4/26	Årsmelding 2025	
	Saksdokument:	a Årsmelding 2025
	Vedlegg:	b Medlemsakademier 2025
		c Kronologisk programoversikt akademiene 2025

Forslag til vedtak: Årsmøtet godkjenner årsmeldingen for 2025.

ÅRSMELDING 2025
NORSKE KYRKJEAKADEMI

1. MEDLEM I NORSKE KYRKJEAKADEMI

Ved utgangen av 2025 hadde Norske kyrkjeakademi 84 medlemsakademi. Årsmøtet 2025 tok opp Eigerøy kyrkjeakademi og KABB kyrkjeakademi som medlem i Norske kyrkjeakademi.

2. MEDLEMSAKADEMIA

I 2025 gjennomførte kyrkjeakademia nok ein gong ei rekkje arrangement som dekte eit breitt spekter av tema frå teologiske refleksjonar og samfunnsdebatt til kultur, biletkunst og musikk.
Programmet syner ein levande rørsle både er opptatt av historia og rettar blikket framover mot dei store spørsmåla i samtida.

Januar starta med sterk fagleg og kulturell breidde. Kulturutvalet i Frogner sokn markerte Heilagtrekongers fest på Schafteløkken, medan Larvik kyrkjeakademi inviterte Helge Simonnes til foredraget *Gud og kyrkja*. Fleire akademi hadde i løpet av året besøk av Simonnes, som i 2025 tok opp tema knytta til politikk, tru og samfunnsdebatt.

Foredragsrekka i januar hadde tema frå trua sin plass i samtida til lokalhistoriske og musikkrelaterte arrangement. Fredrikstad kyrkjeaakademi baud på *Våg å vere – Våg å syngje* ved Hans Olav Mørk, medan Kongsberg kyrkjeakademi tok opp *Kva kan kyrkja romme?* i samtale mellom Erik Hillestad, Isa Katarina Gericke og Reidar Aasbø.

Det var og foredrag om *Andeleg omsorg i helsevesenet* (Stord), *Norske kristne, Israel og Palestina* (Rennesøy og Finnøy), og *Etikk i klimakrisa si tid* (Drammen). Uranienborg kyrkjeakademi tok oss med til historia med *I tru og naud – den norske utvandringa til Amerika* ved Sverre Mørkhagen, og

Stavanger kirkeakademi reflekterte over Dag Hammarskjöld sitt liv og virke.
Eigerøy kyrkjeakademi hadde salmekveld med lokale musikarar og solistar.
Nittedal kyrkjeakademi hadde foredrag om *Jerusalem – stormaktspolitikk og kyrkjehistorie* med Trond Bakkevig og Gjerdrum kyrkjeakademi hadde temaet *Maria(m) i Koranen* med Mehda Zolfaqari.

I februar var det fleire arrangement der teologi, filosofi og samfunn sto sentralt.
Arendal og Grimstad kyrkjeakademi hadde ei samling med biletkunst og tru av Olga Grimsmo Nilsen kalla *Når livet skapar bilete*.
Domkyrkja Teologicafé hadde eit foredrag om *Gravferda – avskjed og overgjeving* ved Bjarte Leer-Helgesen
medan Voss kyrkjeakademi tok deltakarane med på refleksjonar om pilegrim i vår tid.

Gunnar Danbolt hadde eit kunsthistorisk seminar i Nordre Aker og foredrag seinare på året. Fleire akademi tok opp aktuelle internasjonale spørsmål – mellom anna *Midtøsten-konflikten* (Kongsberg), *Jerusalem – kyrkjehistorie og politikk* (Drammen), *Palestina 1900-1948. Modernitet, migrasjon og misjon* ved Inger Marie Okkenhaug (Volda og Ørsta), *Krigen i Ukraina – det kyrkjelege bakteppet* (Uranienborg), *Armenia - nasjonen som vart redda av kirken* ved Erling Rimehaug (Nordre Aker) og *Tusen dagar med Taliban* ved Ayesha Wolasmal (Ringsaker).

Pilegrimsprest Einar Vegge vitja både Voss og Karmøy med sine refleksjonar om pilegrimsliv og naturen sin andelege dimensjon. Ervin Kohn delte sine røynsler som jøde i Noreg i Stord kyrkjeakademi, medan Maja Lunde i Ringsaker snakka om barna sine møte med skjerm og teknologi.
Koinonia ortodokst akademi hadde filmkveld.

I mars snakka Siri Sunde om temaet *Mellom kyrkja og kjærleiken* i Groruddalen kyrkjeakademi, i Nesodden kyrkjeakademi held Geir Flikke foredrag om *Russland sin krig mot Ukraina*, medan Kulturutvalet i Frogner sokn arrangerte bokbad med Vigdis Hjorth.
Fleire akademi via mars-programmet til trua sin plass i ei uroleg verd: I Ås kyrkjeakademi snakka Margunn Sandal om *Kyrkjebygget som sanserom, forkynningsrom og levd rom,* Katolsk forum Asker og Bærum hadde temaet *Krigen og trua. Krigen i Ukraina og religiøst motivert nasjonalisme* ved Palle Ydstebø. Domkyrkja sin Teologicafé stilte spørsmålet *Trenger kloden at vi gjør bot?*

Fredrikstad kyrkjeakademi hadde invitert Ingrid Rosendorf Joys til å snakke om *Religionsdialog og fredsarbeid i ei polarisert tid.*

Eivor A. Oftestad heldt foredraget *Då tida vart kristna* i fleire av akademia i løpet av 2025. I Hamar sette Helge Hognestad søkelys på *Morgondagen si kristendom,* medan Henrik Syse bidrog både i Asker og Sør-Gudbrandsdal med refleksjonar om tru, fornuft og etikk. I Nittedal snakka Øyvind Kopperud om sionisme, antisemittisme og jødehat, og i Katolsk forum Stavanger fortalde Aaslaug Ommundsen om funnet av St. Svithun-sekvensen frå mellomalderen. Filmen *Straff* vart vist i både Ås, Lillesand og Stord kyrkjeakademi – eit døme på korleis det vert satsa meir på film i kyrkjeakademirørsla.

April inneheld refleksjon, lokalhistorie og religiøse høgtider. Trondheim kyrkjeakademi stilte spørsmålet *Folkekyrkje og trusfellesskap – same sak* med Harald Hegstad, medan Åste Dokka vitja Sandefjord med foredraget *Litt kristen,* eit tema som seinare vart halden i Toten kyrkjekeakademi, i Asker og i Nordre Aker mot slutten av året.

I april vart det arrangert fleire lokale og historiske foredrag, som *Bygging av Nesodden kyrkje på 1100-tallet* og *Pilegrimsvandring og leia på Romerike – ein eldgamal tradisjon som har fått ny giv i vår tid* ved Asbjørn Langeland i regi av Gjerdrum kyrkjeforum. Klimaspørsmål vart tatt opp, til dømes i Tønsberg kyrkjeakademi der Jørgen Fitjeland snakka om *Oslofjorden i krise*.
I mai inviterte fleire akademi til foredrag med musikk og kunst som gjennomgåande tema. Ås kyrkjeakademi hadde temaet *No livnar det i lundar – Nynorsk salmebok 100 år*, og i Uranienborg snakka Einar Solbu om kyrkjemusikken i Noreg.
Kristine T.G. Hardeberg heldt foredraget *Marc Chagall og hans spennande historie* i Hadeland kyrkjeakademi, og Rennesøy og Finnøy kyrkjeforum inviterte til ikonforedrag ved Rigmor Hasle Amundsen.
På Karmøy vart mai månad eit høgdepunkt med konsertserien *Halleluja gjennom 900 år* og pilegrimsvandring med biskop Anne Lise Ådnøy. Slike arrangement syner korleis mange akademi kombinerer kultur og trusliv i opne fellesskap.

Trondheim kyrkjeakademi arrangerte dialogtur til Tautra Mariakloster, medan Stavanger kyrkjeakademi skapte stor merksemd med samtalen *David Toska møter Kjetil Klungland – om forsoning og vegen attende.*

Sommaren starta med poesi, kunst og refleksjon. Kongsberg kyrkjeakademi via ein kveld til Edvard Hoem sine salmar, og Rennesøy og Finnøy utforska kyrkjekunsten i Talgje kyrkje, medan Ringsaker heldt fram med tradisjonen med teologiske samtalar i sumarhalvåret.
Sumarakademiet i Holmsbu hadde eit rikt program av konsertar, førestillingar og samtalar. Juli inkluderte mellom anna kyrkjesafari, barneførestillingar og musikalske møte. Dei avrunda sesongen med samtale med Marthe Goksøyr og førestilling med Fredrik Høyer.

Olsok ble markert av fleire akademi. Sør-Gudbrandsdal og Hamar kirkeakademi arrangerte Olsok-feiring, mens Karmøy kyrkjeakademi heldt Olavsdagar på Avaldsnes. Borgund og Spjelkavik kyrkjeakademi hadde ei stor olsokmarkering med gudsteneste og olsokforedrag.

I august hadde Domkyrkja sin teologicafe i Kristiansand vitjing av Kristin Graff-Kallevåg som snakka om *Synd - eit aktuelt eller utdatert omgrep?* og i Voss kyrkjeakademi snakka Geir Gundersen om livet, døden og sorga.

Hausten opna med eit bredt spekter av tema og markeringar. Fredrikstad kyrkjeakademi hadde filmvising av *Bonhoeffer*, medan Oslo domkyrkjeakademi lanserte samtaleserien *Bok i Domen* med Håvard Rem.
Helge Simonnes vitja Rennesøy og Finnøy kyrkjeforum med foredraget *Trump, Putin og Viktor Orban – kan usunn kristennasjonalisme utvikle seg i Noreg?.* Dette og liknande tema har han heldt i fleire akademi gjennom året.
Drammen Sacred Music festival blei arrangert 13.-21. september. Der var det eit stort og omfattande program under overskrifta Byggar bru og formar fellesskap gjennom kunst, kultur og dialog.



I Bjørgvin kyrkjeakademi heldt Trond Bakkevig foredraget *I konflikten sitt sentrum! Jerusalem – ein heilag by for tre religionar*, og dette foredraget vart også halden i andre akademi gjennom året.



Groruddalen kyrkjeakademi tok for seg *Oslo hospital – ein lang og rik historie i Gamle Oslo* ved Kirsti Gullowsen. Son Kulturkirke tok opp *Diagnosesamfunnet og korleis det påvirkar borna* ved Henriette Sandven.

Henrik Syse og Jan Otto Myrseth inviterte til *Lavmælt samtale om store spørsmål* i Tønsberg.
Fleire akademi markerte1700-årsjubileet for kyrkjemøtet i Nikea, mellom anna Eigerøy, Nordre Aker og Kongsberg med historiske foredrag og refleksjonar over truvedkjenninga.

I oktober tok fleire akademi tok opp tema knytt til forsoning og tru, til dømes Domkyrkja sin Teologicafé med *Kva skjedde eigentleg på korset?* ved Asle Eikrem, og Katolsk forum Stavanger hadde invitert Anders Arborelius til å snakke om heilagskap. I Drammen kyrkjeforum heldt Gunnar Grøndahl foredrag om kristendom og kunst, eit tema som og vart tatt opp i Stavanger og Kongsberg. I Son kulturkyrkje spurte Peder Kjos og Linda A Johannesen kva det er med Jesus.

I Lillesand kyrkjeakademi fortalde Cathinka Dahl Hambro om *Pavemakta i vår tid.* Kragerø kyrkjeakademi hadde foredrag om Ronald Fangen ved Kjell Wedø, og Stord kyrkjeakademi hadde invitert Bjørn Are Davidsen til å snakke om det er ein konstruert motsetnad mellom tru og vitskap. Bjørn Eidsvåg vitja Asker med foredraget *Tru, tvil, trass og tillit*, medan Arendal og Grimstad kyrkjeakademi inviterte til musikalsk kveld med Hans Olav Mørk og Barbu kantori.

Tromsø internasjonale kyrkjefestival vart halden frå 26. oktober til 2. november og hadde eit innhaldsrikt program med kunstutstilling, gudsteneste, konsertar, filmvising og kyrkjegårdvandring.



Det var mykje salmar i november: Elverum kyrkjeakademi arrangerte allsangkveld i Hernes kyrkje ved Ole Andreas Fevang og Synnøve Heggem, i Eigerøy var det salmekveld med Eivind Skeie og på Eidsvoll var det mogeleg å oppleve musikk ved familien Naking. Ås kyrkjeakademi markerte at nynorsk salmebok vart 100 år, Arne Martin Aandstad heldt foredrag om kyrkjemusikk i 1000 år i Karmøy kyrkjeakademi, det var konsert i Valestrand kulturkyrkje, Voss kyrkjeakademi hadde invitert Berit Opheim til å snakke om at *Song er dobbelt bøn* og i Tønsberg snakka Tore Dvergastein om *Kunsten å vere kyrkje.*
Ringsaker kyrkjeakademi hadde naturtap og naturopplevingar på plakaten,
Åste Dokka og Gunnar Grøndahl heldt bokbad om boka *Litt kristen* i Nordre Aker kyrkjeakademi. I Stord kyrkjeakademi snakka Gunnar Danbolt om at *Kyrkjerommet forkynner.*
Fleire akademi tok opp spørsmål om forsoning og tilgjeving, mellom anna Kyrkjeakademiet i Asker med *Skam, tilgjeving og forsoning* ved Thorvald Steen og Eileen Paus.

I desember arrangerte Hamar kyrkjeakademi *Jul i ord og tonar* i domkyrkja, og fleire stader vart adventstida markert med konsertar og foredrag knytt til julehøgtida. Hilde Brekke Møller snakka til dømes for Nesodden kyrkjeakademi om kva me eigentleg veit om fødselen til Jesus.

Katolsk forum Asker og Bærum innbaud Wolfgang Plagge til å halde foredraget *Gregorianske spor i norske folketonar*, medan Rennesøy og Finnøy avslutta året med *Historia om korleis oratoriet Messias vart til.*
I Kongsberg var det litterær adventskveld med opplesing av og foredrag om H.C. Andersen sitt eventyr *Snødronninga*. I Valestrand kulturkyrkje vart året avslutta med julekonsert.

Fleire akademi fortel om fulle hus og engasjert deltaking, og det er klårt at interessa for å delta i dei store samtalane om tru, kunst og samfunn er stor.

Akademia har ein imponerande bredde i programma. Temaoversikten syner at rørsla

framleis er ein viktig stemme i samfunnsdebatten. Dei mange foredraga og arrangementa syner at kyrkjeakademia har ein unik rolle som møtestad for kultur, tro og samtale.
Dei aller fleste arrangementa i regi av kyrkjeakademia er gjennomførte på grunnlag av frivillig innsats, og mange av akademia samarbeider med andre aktørar i lokalmiljøet, som sokn, bibliotek, historielag og ulike lokale organisasjonar. Det er og stort spenn i kva slags lokale akademia arrangerer sine møte i. Arrangementa gjennomførast i kyrkjer, kaféar, kinoar, bibliotek og skular, rådhus og kulturhus. Mange akademi er aktive på sosiale medium med eigne sider på Facebook. Desse lagar og deler arrangement på Facebook, noko som er med på å synleggjere rørsla og dei tema vi er opptekne av.

Desse akademia fekk prosjektstøtte i 2025:
- Lillesand kyrkjeakademi til prosjektet *Forteljinga sin etikk*
- Kampen kyrkjeakademi til eit prosjekt knytt til Kyrkjeuka for fred i Palestina og Israel
- Karmøy kyrkjeakademi til Olavsdagane 2025
- Bjørgvin kyrkjeakademi til eit kunstprosjekt om romanifolket
- Tromsø internasjonale kyrkjefestival til festivalen 2025
- Nittedal kyrkjeakademi til førestillinga *Esau og Jakob*

I 2025 vart *KABB – kristent arbeid blant blinde og svaksynte* medlem i NKA. KABB kyrkjeakademi er eit økumenisk akademi. Dei har hatt fleire førestillingar rundt om i landet Førestillingane vart vist i Sandefjord, Sæbø, Skien, Hurum, Høgsveen retreat og gjestegard, Undrumsdal og Indre Østfold.

3. ÅRSMØTET

Årsmøtet i 2025 vart halden 21.-23. mars på Sanner hotell på Gran, Hadeland.

Årsmøtet gir representantane for dei ulike medlemsakademia eit særleg høve til å kome saman, få inspirasjon av kvarandre og knyte band mellom ulike akademi.
Årsmøtet handsamar ordinære årsmøtesaker, mellom anna budsjett, årsmelding, strategiplan og rekneskap, i tillegg til Nasjonaljubileet 2030 og kyrkjebevaringsprogrammet.

Årsmøtet opna ved at styreleiar Knut Refsdal held leiar sin tale.
Årsmøtet vedtok å ta opp Eigerøy kykjeakademi og KABB kyrkjeakademi som medlem i Norske kyrkjeakademi.

Fredag kveld var det samling i flygelsalongen, der årsmøtet fekk oppleve førestillinga Med mine auge med Heidi Halvorsen.

Årsmøteseminaret hadde temaet Bibelen i kulturen.
Professor Terje Stordalen snakka om *bibelen sine spor i kulturen – kulturen sine spor i bibelen*. Deretter var det professor Jorun Økland som hadde temaet: *Ekteskapet i bibel-tekstene og i kyrkja sin bruk av dei*. Kristin Gunleiksrud Raaum snakka om *bibelen i kultur, skule og samfunn*. Øyvind Woie i KABB snakka om *religiøse tekster og litteratur - ein veg til inkludering og mangfald.*

Laurdag kveld var det konsert i Mariakyrkja med Andreas Utnem, Julie Kleive og Sjur Miljeteig.

Det var tidebøner morgon og kveld og sundag var det fredsgudsteneste for Palestina og Israel i den nye festsalen på Sanner hotell.
Musikken var ved Andreas Utnem, Julie Kleive og Sjur Miljeteig, og Trond Bakkevig held preika.

4. VERKSEMDA SENTRALT

4.1 Styret
Styret si samansetjing i 2025 har vore:
Styreleiar:

Knut Refsdal
Medlem:
Mette Langfeldt Arnstad, John Erik Brakstad, Frank Grimstad, Grete Refsum, Kiriaki Papadopoulou Samuelsen, og Elin Vangen.
Varamedlem:
Hilde Eskild og Tor Sørby.
Styret har hatt fem møter i 2025, tre av dei var digitale. Styret handsama 53 saker. Protokoll frå styremøta vart lagde ut på NKA sine heimesider.

NKA er medlem i Frivillighet Norge. Sekretariatet sender jamnleg ut informasjon om frister, om aktuelle arrangement, bøker og liknande per e-post. På heimesida ligg og samla oversikt over arrangement i akademia i tida som kjem.

4.2 Brubyggjarprisen

Brubyggjarprisen vert delt ut til ein person, organisasjon eller institusjon som på særskilt vis har bygd bruer av innsikt og forståing – og som har stimulert til å utvikle kontakt og dialog mellom ulike grupper i samfunnet. Norske kyrkjeakademi har delt ut Brubyggjarprisen sidan 1983. Medlemsakademia kan nominere kandidatar til prisen, og styret tildeler prisen.

Brubyggjarprisen 2025 gjekk til Bjørn Eidsvåg og vart delt ut 13. august under Arendalsuka. NKA sin styreleiar Knut Refsdal delte ut prisen i ein tilnærma fullsett Trefoldighetskyrkje.

Etter sjølve utdelinga framførte Bjørn Eidsvåg nokre av songane sine, og deretter var han med i ein samtale med tidlegare leiar av Kyrkjeleg kulturverkstad, Erik Hillestad. Samtalen vart leia av NKA sin generalsekretær.

Bjørn Eidsvåg ga tydeleg uttrykk for kor stor pris han satte på ei slik anerkjenning frå ein kyrkjeleg organisasjon. Utdelinga var dekka i fleire media, mellom anna med to store artiklar i avisa Vårt Land.

4.3 KULT - senter for kunst, kultur og kyrkje

NKA er med i stiftelsen KULT – senter for kunst, kultur og kyrkje i Oslo. Som eit ressurs- og kompetansesenter spelar KULT ei nøkkelrolle i å styrke kunsten sin plass i kyrkja og legge til rette for dialog, sikre utveksling av erfaringar og skape møteplassar der menneske med ulik bakgrunn og kulturell tilhøyre kan finne saman.

Odrun Remvik og generalsekretær Kristin Gunleiksrud Raaum representerte NKA i styret for KULT i 2025.
Dette året har KULT særleg arbeidd med desse tema:
«*Portugisisk foreining*» under leiing av prest og forfattar Elisabeth Thorsen, og teolog Anders Runesson. Menneske som arbeider med formidling og kreativitet vert invitert til samling i tårnrommet i Jakobskyrkja.
Ønsket er å skape eit dynamisk lytteforum der dei bibelske tekstane vert framført munnleg, for så å bli speila av dei som lyttar. Dei skal så bli inspirert til å trekke møtet med bibelforteljinga inn i eige liv og gje dei kreative uttrykk.

Tehus skaper møte mellom kulturtradisjonar; ein tradisjon vi finn gjennom heile den islamske verden. Tehuset er ein møtestad der meiningar kan brynast mot kvarandre over eit glas med te. KULT inviterer anerkjente kunstnarar frå ein muslimsk kulturramme til å framføre tekster i ord og tonar. Deira bidrag blir speila av tekster frå den vestlege, kristne kulturtradisjonen. Gjennom poesi, musikk, speiling og dialog oppstår kunstbaserte møte mellom menneske, religionar og kunsttradisjonar. KULT har utvikla ein Tehusmodell, som blir tilbydd til andre arrangørar og arenaer.

Kunst og kaffi er samlingar der frivillige og tilsette blir invitert til å delta i frukostsamlingar med samtale om eit gitt tema i skjeringspunktet kunst/ kirke.
Sofienbergprosjektet. Sofienberg kyrkje er blitt lagt ned som soknekyrkje. No vert kyrkjebygget og kyrkjeparken definert om til

eit slags bydelshus; Ein open møteplass for barn, unge, nabolag og Oslo sitt kulturliv.
Bokprosjekt; Påske og pasjon: Vi jobbar no for å få gitt ut eit utval av Påske og Pasjon-tekstene (tidlegare poesi-KULT-prosjekt) i bokform. Målet er utgiving i 2026.

4.4 Film

NKA har arbeid med film som eit prioritert område. Dette var eit eige tema på årsmøtet i 2025. Det er stadig fleire medlemsakademi som syner film, gjerne med samtale etterpå. NKA er medlem av Interfilm, ein internasjonal filmorganisasjon. Kjell Riise deltok på vegne av NKA på deira årsmøte i Berlin.

Faith in Film-prisen er oppretta av NKA, Tromsø kyrkjeakademi og KULT.
Prisen vert delt ut under Tromsø internasjonale filmfestival. Målet er å løfte fram film som tar opp religionen sin rolle i menneskelivet og i samfunnet. Prisen skal stimulere til både refleksjon og kritikk om religionen sin plass, og gje innsikt i spørsmål om tru og det andelege.

Den franske filmen *Quand' vient l'automne (Når hausten kjem)* av regissøren François Ozons vann Faith in Film-prisen for 2025.

I juryen sat Mette Arnstad, skodespelar og førstelektor, Aslaug Eidsvik, medievitar og administrativ leiar ved Perspektivet museum og Carl Axel Reibo Gundersen, prosjektleiar for Nordisk Ungdomsfilmfestival ved Tvibit. Juryen var opptatt av korleis vinnarfilmen tematiserer tema som nåde og tilgjeving.

4.5 Nasjonaljubileet 2030



Nasjonaljubileet er ein slags stafett av ulike jubileum fram mot 2030 og markeringa av at det er tusen år sidan slaget på Stiklestad. I Norske kyrkjeakademi vil setje sitt tydelege preg på tida fram mot 2030, ved å løfta fram verdiar og åndelege perspektiv, og ved å auke kunnskap og innsikt i kor mykje kristendomen har hatt å seie for Noreg.
Styret for NKA er og oppteken av at dei neste åra skal gje rom for «den store samtalen» om kva slags samfunn vi har og vil ha framover.

Generalsekretæren deltek i det nasjonale nettverket for Nasjonaljubileet.
I 2025 vart det inngått ein formell samarbeidsavtale mellom Stiklestad Nasjonale Kultursenter, som har sekretariatet for Nasjonaljubileet, og Norske Kyrkjeakademi.
I Vårt Land 20.12 skreiv ho eit essay om Nasjonaljubileet og kvifor kyrkjeakademia engasjerer seg i jubileet.

I 2025 var «jubileumsstafetten» komen til markeringa av utvandringshistoria frå 1825 kalla *Crossing 2025*. Jubileet markerte at det var 200 år sidan den første organiserte utvandringa frå Noreg og den sentrale jubileumsstaden var Utvandrarmuseet på Hamar. Jubileet tok opp tema som migrasjon og identitet, men og innvandringa til Noreg i dag.

NKA har i samarbeid med Kulturkyrkja Jakop fått støtte frå Eckbo sine legat til eit større kulturhistorisk prosjekt. Det viktigaste arrangementet var *La oss snakke om døden – ein mikrofestival om døden i kulturhistoria, i livet og i musikken.*

Programmet inneheld musikk av Iver Kleive og Knut Reiersrud, foredrag om døden i kulturhistoria ved Eivor Oftestad, samtale mellom biskop Sunniva Gylver og sonen Noah. Håkon Haugsbø hadde ein samtale med prest og salmediktar Ingrid Brækken Melve og kantor og komponist Torbjørn Dyrud. Generalsekretær Kristin Gunleiksrud Raaum snakka *om Døden - fattigfolk, fyrster og Facebook.* Dagen blei avslutta med samtale med komikar Else Kåss Furuseth, frivillig i Kirkens SOS Thor Erling Larsen og musikar Solveig Slettahjell, som og avslutta programmet med musikk
Fotoutstillinga *Ta tida* av Noah Gylver om den siste tida av livet til faren, hang i kyrkjerommet heile dagen.

Musikarane Iver Kleive og Knut Reiersrud har lenge hatt ein draum om å spele inn eit album i Nidarosdomen. Som ein del av Kulturarvprosjektet, støtta av Eckbo sitt legat, vart dette omsider ein røyndom – og resultatet vart albumet *Vidunderligst av alt på jord.*

Albumet inneheld alt frå gregoriansk musikk til nyare musikk, som til dømes *Til Ungdommen.* Erik Hillestad var produsent.

Tusenårteppet
NKA har i fleire år arbeidd for å realisere ideen om eit teppe som fortel historia om Noreg.



Tusenårteppet er komen inn på statsbudsjettet og er sikra finansiering. Teppet skal bli vevd og sydd fram mot markeringa i 2030. Prosjektansvaret er lagt til Nordenfjeldske kunstindustrimuseum. Generalsekretæren sit i styringsgruppa for Tusenårsteppet
Kronprinsesse Mette Marit har takka ja til å vere høg beskyttar.

Det ferdige Tusenårsteppet vil vere sett saman av ti tekstile verk. Gjennom ein konkurranse vil ti kunstnarar bli vald til å utarbeide kvar sitt bidrag.

4.6 Kyrkjebevaring

Kyrkjene er ein viktig del av norsk kulturarv. Fleire av akademia er engasjert i å ta mellomalderkyrkjene i bruk, med tidebøn og musikk og formidle historia til kyrkjene. Det er oppretta eit kyrkjebevaringsfond som skal nyttast til å ta vare på kulturhistorisk viktige kyrkjebygg for framtida. Programmet har fire områder: 1. Bevaring, 2. Kunnskap og kompetanse, 3. Oppleving og formidling og 4. Engasjement og deltaking. Til no har det berre vert mogeleg å søke på dei to første områda, men i 2025 var det for første gang mogeleg å sende søknad på dei to siste. NKA er involvert i to samarbeidsprosjekt og har sendt to søknader til fondet under innsatsområde 3. Begge søknader handlar om tilrettelegging for oppleving og formidling av kyrkja sin historie til ulike målgrupper.
Søknad nr 1: *Kyrkjene fortel*. Prosjektet går ut på å lage digitale kursmodular og ressursmateriale for formidling av kyrkjene. Søknaden er utforma i samarbeid med NIKU – Norsk institutt for kulturminneforsking.
Søknad nr 2: *Formidling av mellomalderkyrkjene i skulen*. Søknaden er utforma i samarbeid med IKO – institutt for yrkje og oppvekst.
Svar på søknadene kjem truleg 1. mars 2026. NKA sin generalsekretær er medlem i fondet sitt fagråd.

4.7 Olavsfest

I 2025 var NKA attende på Olavsfest Temaet for 2025 var flukt. I samarbeid med KFUK-KFUM Global og Sabeel Kairos hadde vi fire arrangement. Alle var knytt til situasjonen for det palestinske folket, og handla om tru, rettferd og solidaritet. Vi hadde invitert Dr. Fadi Diab til Olavsfest. Han er anglikansk prest i Ramallah og var ein av forfattarane til Kairosdokumentet frå 2009.

29. juli var temaet *Flukta sin røyndom for det palestinske folket.* Seminaret var ved. Fadi Diab og handla om tvangsflytting, folkerett og historisk kontekst.
30. juli var temaet *Flukt, tru og rettferd – kyrkja sitt kall i møte med lidinga hos det palestinske folket.*
Om kvelden 30. juli var det solidaritetsgudsteneste i Bakke kyrkje
31. juli var det eit seminar med temaet *Jødiske stemmer for rettferdig fred.*
Jaap den Hertog og Vibeke Harper snakka om jødisk identitet, antisemittisme og solidaritet med Palestina. Samtalen vart leia av NKA sin generalsekretær.

5. SAMARBEID OG NETTVERK
5.1 Lokalt
Også i 2025 syner programma til medlemsakademia eit breitt samarbeid i lokalmiljøa, med ei rekkje institusjonar og lag, som sokn, kulturhus, bibliotek, historielag, kor og orkester.

5.2 Nasjonalt

Kyrkjeveka for fred

Kyrkjevea for fred i Palestina og Israel vart arrangert 15.- 22. september. Veka er eit initiativ frå Verdskyrkjerådet. I Noreg er det det Mellomkyrkjeleg råd for Den norske kyrkja, Kirkens Nødhjelp, KFUK-KFUM, KFUK-KFUM Global, Norske Kristelege Studentforbund, Kvekarane, Sabeel Kairos, Stiftelsen Karibu, Svenska kyrkan i Oslo og Norske kyrkjeakademi som er tilslutta Kyrkjeveka for fred. Dei tilslutta organisasjonane har ein koordineringsgruppe som står for planlegginga.

I 2025 overtok Norske kyrkjeakademi ansvaret for å leggje inn arrangement på heimesida til Kyrkjeveka.
Dei siste åra har det vore nedgang i antalet arrangement under sjølve Kyrkjeveka. Det har vore ein del arrangement med aktuell tematikk ut over heile hausten og året. Koordingeringsgruppa valde difor å ikkje avgrense arrangement til sjølve veka i oversikten på heimesida. I 2025 var det ni arrangement i denne oversikta.
Akademia hadde i 2025 18 arrangement med tematikk relatert til Kyrkjeveka.

Olavsseminaret

Kvart andre år er NKA med på å arrangere Olavsseminaret i Søsterkyrkjene på Granavollen. Dei andre arrangørane er Hadeland kyrkjeakademi, Hadeland prosti og Hamar bispedømme.
Olavsseminaret hadde tittelen *Arven frå Nikea – Samling og splitting i 1700 år*.
Det vart markert at det i år er 1700 år sidan den romerske keisaren Konstantin innkalla inn «alle biskopar i verda» til kyrkjemøte i Nikea. Olavsseminaret 2025 kasta ljos over kristendomen som trosunivers, religion og samfunnsbyggjar. Det vart gjennomført laurdag 30. august, og hadde foredrag av Christine Amadou, professor i idéhistorie, Jorunn Økland, professor i kjønnsforskning og teologi og Stephanie Dietrich, professor og leiar av Faith and Order-kommisjonen i Verdskyrkjerådet.

5.3 Internasjonalt

5.3.1. Oikosnet Europe

NKA har lenge vore medlem av ein europeisk paraplyorganisasjon, Oikosnet Europe. I 2025 var det 70 år sidan leiarane av Sigtunastiftelsen i Sverige og Bad Boll i Tyskland kom saman og skipa denne organisasjonen, som eit bidrag m.a. til fred og forsoning på ruinane av 2. verdskrigen. Oikosnet høyrer med i den økumeniske rørsla, og samlar i dag både lekfolkssentra, kyrkjeakademiar og utdanningsstader i 18 land. Dei to siste åra har det vore ein strategiprosess for å peike ut vegen framover. Eit dokument som teiknar eit bilete av kva OE no er, blei vedteke på generalforsamlinga (årsmøtet) i år.

Generalforsamlinga vart halde i Wittenberg 17.-21. september. Frank Grimstad representerte NKA. Ved valet gjekk m.a. leiaren, Walter Lüssi av. Kjell Riise gjekk av som styremedlem. I det nye styret finn vi Katerina Karkala (leiar), Veronika Matejkova (nestleiar) Alf Linderman (kasserar),og medlemane Monika Appmann, Frank Grimstad, Gernot Meier og Catriona Robertson. Heinz-Joachim Lohmann (Berlin) held fram som «executive secretary». Sigtunastiftelsen fører rekneskapen. Meir informasjon: https://www.oikosnet.eu/

Vegar til fred var overskrifta over det faglege programmet på årsmøtet, førebudd i hovudsak av det evangeliske akademiet i Sachsen-Anhalt (Wittenberg). Her tok ein opp spørsmål som bibelske tekstar sin relevans i høve til krig/fred i dag, og fredsetikk i spenninga mellom globalt og nasjonalt ansvar, m.a. med krigane i Ukraina og Midt-Austen som bakgrunn (Ways to Peace 2025: Churches between responsibility for the world and their own nation). Det kom tydeleg fram at vurderingane av krigføringa i

Palestina er annleis i tyske kyrkjer (og styresmakter) enn kva ein oftast finn i Noreg.

5.3.1. Tyske kyrkjedagar

Norske kyrkjeakademi er den norske kontakten for Tyske kyrkjedagar og er representert i Tyske kyrkjedagar sin internasjonale komité.
Tyske kyrkjedagar vert arrangert kvart andre år, og det kjem fleire hundre tusen menneske frå heile verda.
I 2027 vert festivalen held i Hanover.

6. TILSETTE I NKA

NKA har ein generalsekretær i 100% stilling. Ho er den einaste tilsette i NKA. NKA må kjøpe rekneskapstenester og noko administrativ støtte.
I 2025 flyttet NKA kontor frå IKO-huset i Collettsgate i Oslo til Bernhard Getz' gate 3 i lokalene til Areopagos.
Generalsekretæren har vitja kyrkjeakademi fleire stader i landet, med foredrag om bibelen i kulturen, kulturarv, kunst i kyrkja og utviklinga i Den norske kyrkja. I 2025 var det snakk om 15 slike foredrag.

7. ØKONOMI

Årsrekneskapen viser eit underskot på kr 125 281,-.
Frå 2017 er NKA blitt finansiert over tippemidlane, på linje med Den kulturelle skolesekken. Det er kulturdepartementet som fastset driftstilskotet.
Generalsekretæren hadde i 2025 eit møte med departementet for å leggje fram dei økonomiske utfordringane rørsla har. Og for det neste året er det lagt inn i driftssøknaden ein auke av det generelle tilskotet med kr 200 000, øyremerka for å auke stønaden til akademia. Satsane for tilskot til akademia har ligge fast i mange år. Dette medfører ein stor realnedgang for støtta frå NKA til akademia.
NKA sitt styre har ein pågåande drøfting av den økonomiske situasjonen for heile rørsla. Dette var oppe som eigen sak på årsmøtet 2025.

8. SLUTTORD

I ei uroleg og usikker verd bidrar Norske kyrkjeakademi med mykje viktig: Dialog mellom forskjellige grupper av menneske, møteplassar for fordyping og meiningsbrytning og opne samtalar med rom for innsikt, engasjement og kritikk. Vi bidrar med å skape sosiale arenaer, vi er ein kulturinstitusjon, vi er ein del av kyrkja sitt vitnesbyrd, vi er ein del av den store frivilligheita og vi er, kan hende i ekstra stor grad akkurat no, med på å fremme både folkehelse og eksistensiell beredskap.

Tru mot desse overtydingane leverer vi veke etter veke, landet rundt, viktige bidrag til samfunnet. Det ser vi ikkje minst i oversikta over alle arrangementa i fjor, som er ein del av årsmeldinga. Dette er, som vi ofte seier, «gullet i rørsla», og styret vil difor rette ein stor takk til alle som gjer dette mogeleg.

Åra som ligg framfor oss, er spennande år. Nasjonaljubileet i 2030 og alt det som leier opp til dette, er ei stor markering som vår rørsle er sentral i. Dei perspektiva som er viktige for oss, vil definitivt ikkje bli mindre viktige framover. Det gjer grunn til å vere håpefull på rørsla sine vegne.
Styret takkar generalsekretæren for strålande innsats - også dette året. Kristin har eit stort hjarte for rørsla, ein imponerande arbeidskapasitet og eit stå på-humør som er førebiletleg. Vi kjenner oss trygge med deg

som vår generalsekretær og er takksame for alt det arbeidet du legger ned.

Årsmeldinga er elektronisk godkjent.

Knut Refsdal, styreleiar
Mette Arnstad, John Erik Brakstad, Frank Grimstad Grete Refsum, Kiriaki Papadopoulou Samuelsen og Elin Vangen, styremedlem

Kristin Gunleiksrud Raaum, generalsekretær

MEDLEMSAKADEMIER 2025

Ad Fontes – akademi for musikk og liturgi
v/ Johan Støylen
E-post: post@adfontes-akademi.no

Akademiet Også vi er Kirken
v/ Torstein Seim
E-post: leder@ogsavierkirken.no

Arendal og Grimstad kirkeakademi
v/ Inger Johanne Bolstad
Tlf: 45022988
E-post: ingerjohannebolstad@gmail.com

Auli kirkeakademi (I DVALE)
v/ Michael Hoffmann
Tlf: 40763723
E-post: michael@hoffmannfamilie.net

Bjørgvin kirkeakademi
v/ Terje Steen Edvardsen
Tlf: 95756575
E-post: terje.steen.edvardsen@gmail.com

Bodø kirkeakademi
v/ Odd Jarle Eidner
Tlf: 95165334
E-post: oe734@kirken.no

Borgund og Spjelkavik kyrkjeakademi
v/ Marit Kaldhol
Tlf: 478 63 687
E-post: maritkaldhol@gmail.com

Det ortodokse kirkeakademiet i Oslo – Ortodokst Forum
v/ Fader Johannes Johansen
Tlf: 23 37 28 57
E-post: fader.johannes@ortodoks.org

Dialog, Son kulturkirke
v/ Svein Gran
Tlf: 404 08 888
E-post: svein@komforlag.no

Domkirkeakademiet i Oslo
v/ Knut Erik Tveit
E-post: knut.erik.tveit@kirken.no

Domkirkens Teologicafé
v/ Dag O. Ottosen
E-post: teologicafe@gmail.com

Dovre kirkeakademi
v/ Hans-Jacob Dahl
Tlf: 61240419
E-post: hajada@online.no

Drammen kirkeforum
v/ Ivar Flaten
Tlf: 41545849
E-post: post@kirkeforum.no

Eidsvoll kirkeakademi
v/ John Granly
Tlf: 46502787
E-post: john@eidsvold.no

Eigerøy kirkakademi
v/ Gyrid Espeland
E-post: gyespeland@outlook.com

Elverum kirkeforum
v/ Synnøve Skura Heggem
E-post: synnovesakura@gmail.com

Festspillene i Kristiansund
v/ Magnhild Sørvik
Mob: 41511438
E-post: magnhild@festspillksu.no
www.festspillksu.no

Fredrikstad kirkeakademi
V/ Stein-Øyvind Jørstad
Tlf: 99362496
E-post: stein0702@yahoo.no

Gjerdrum kirkeforum
v/ Ingrid-Mia Børke
Tlf: 63 99 20 95

E-post: ingboerk@online.no

Groruddalen kirkeakademi

v/ Carsten Schuerhoff
Tlf: 48279062
E-post: post@groka.no

Hadeland kirkeakademi

v/ Alv Reidar Dale
Tlf: 97826248
E-post: are.dale@icloud.com

Hamar kirkeakademi

v/ Jan Kåre Hummelvoll
E-post: jankhum@online.no

Hareid kyrkjeakademi

v/ Hege Tretnes
E-post: hege.tretnes@hareid.kommune.no

Harstad kirkeforum

v/ Helge Methi
Tlf: 91341130
E-post: h.methi@icloud.com

Helgerud kirkeakademi

v/ Turid Skarbø
E-post: ts572@kirken.no

KABB kirkeakademi

v/ Øyvind Woie
E-post: oyvind.woie@kabb.no

Kampen Kirkeakademi

v/ Rolf C. Andersen
Tlf: 40 22 08 13
E-post: androlf@gmail.com

Karmøy kyrkjeakademi +

v/ Arne Martin Aandstad
E-post: arne.martin.aandstad@karmoykirken.no

Katolsk forum Asker og Bærum

v/ Benedicte Brøgger
Tlf: 46 41 02 45
E-post: benedictebrogger16@gmail.com

Katolsk forum Bergen
v/ Stig Samnøy
Tlf: 909 56 003
E-post: stig.samnøy@hotmail.com

Katolsk forum Stavanger
v/ Anne Marie Gjølme
Tlf: 900 75 746
E-post: annemariegjoelme@gmail.com

Katolsk forum Trondheim
v/ Bodil Evjenth
Tlf: 95 21 10 75
E-post: evjenth.bodil@gmail.com

Katolsk-ortodoks akademi
v/ Caroline Serck-Hanssen
Tlf: 918 44 838
E-post: serckhanssen@hotmail.com

Kirkeakademiet i Asker
v/ Inge Westly
E-post: Inge.Westly@mf.no

Kirkelig kulturverksted og Kulturkirken Jakob
v/ Hans Olav Baden
E-post: hansolav@kkv.no

Klokkergarden kulturverksted, Løten
v/ Gina Sigstad
Tlf: 62592273
E-post: gi-ast-s@online.no

Koinonia ortodokst akademi
v/ Maisi Bäckman
Tlf: 92889232
E-post: maisi.b@gmai.com

Kongsberg kirkeakademi
v/ Reidar Aasbø

Tlf: 32 73 34 95
E-post: reidar.aasbo@kongsberg.kommune.no

Kragerø kirkeakademi
v/ Olav Drevland
Tlf: 988 37 224
E-post: olavdrevland@yahoo.no

Kulturkirken Skåre
v/ Tom Landås
Tlf: 934 15 416
E-post: tla@haugesund.kirken.no

Kulturutvalget i Frogner menighet
v/ Mia Tønnesen
Tlf: 95230468
E-post: miatonnessen100@gmail.com

Kvinnherad kyrkjeakademi
v/ Sigfus Mehl
Tlf: 53 48 17 61
E-post: sigfus.mehl@knett.no

Larvik kirkeakademi
v/ Susanne Rimestad
E-post: srime@online.no

Lillesand kirkeakademi
v/ Morten Austdal
Tlf: 99407808
E-post: ove.morten.austdal@fagskoleniagder.no

Lommedalen kirkeakademi
v/ Dag Karterud
E-post: dagk@oslomet.no

London kirkeakademi
www.sjomannskirken.no/london

Moss kirkeakademi
v/ Ingvild Osberg

Tlf: 915 18 367
E-post: ingvild.osberg@gmail.com

Nedstrand Kyrkjeforum
v/ Janne Eide
E-post: janne.eide@online.no

Nesodden kirkeakademi
v/ Steinar Glimsdal
Tlf: 92636739
E-post: sglimsdal@gmail.com

Nittedal kirkeakademi
v/ Jounn Elisabeth Berstad Weyde
Tlf: 41316706
E-post: nittedal.kirkeakademi@gmail.com

Nordhordland kyrkjeakademi
v/ Åge Palmesen
Tlf: 452 00 773

Nordre Aker kirkeakademi
v/ Gunnar Grøndahl
Tlf: 91354815
E-post: gugroend@online.no

Nordre Land kirkeakademi
v/ Morten Lossius
Tlf: 48092565
E-post: morten@haugtun.no

Nordstrand og Ljan kirkeakademi
v/ Beate Pettersen
Tlf: 91307575
E-post: beate.pettersen@gmail.com

Nye Møtestedet
v/ Lars Kobro
Tlf: 90942561
E-post: kobro@usn.no

Olsvik kirkeakademi
v/ Rune Johnsen Klevberg
E-post: rk239@kirken.no

Rennesøy og Finnøy kyrkjeforum
v/ Ole Hodnefjell

Tlf: 41520969
E-post: olehodnefjell@gmail.com

Ringerike kirkeakademi
v/ Jan Martin Bang
Tlf: 48129653
E-post: jnbng49@gmail.com

Ringsaker kirkeakademi
V/ Berger Johan Hareide
E-post: berger.hareide@gmail.com

Røros kirkeforum
v/ Harald Hauge
Tlf: 95731151
E-post: haraldjr@hotmail.com

Sankta Sunniva kyrkjeakademi for Nordfjord
v/ Olaf Sigurd Gundersen
Tlf: 57 86 93 85
